

Rapport, kodekurs - «Sommar på Osterøy»

Ansvarleg: Daniel Gullbrå (epost: daniegull@gmail.com eller daniel.gullbraa@osteroy.kommune.no, telefon: 40493319)

1. Kor mange barn var påmeldt, og kor mange møtte? Dersom kurset var over fleire dagar, kor mange møtte på dei ulike dagane?

Det var totalt åtte påmeldte, der sju stk. møtte fyrste dagen og seks stk. dei to neste.

2. Kor mange assistentar deltok frå vidaregåande, og kor mange timar jobba dei kvar?

Gabriel Vatile var med. Han jobba frå 09:30 til 15:00 måndag, og 10:00 til 15:00 tysdag og onsdag.

3. Kva var innhaldet i kurset?

Dag 1 gjekk ut på å introdusera elevane for datatekniske konsept og gjere dei kjende med litt programmerings-tankegang.

Dag 2 koda me mykje i lag. Her fekk dei eksempel på grunnleggande syntaks, og vart introdusert for ulike datatypar og konsept som variablar og funksjonar. Me rakk også å gå gjennom dei enklaste logikk-operatorane.

Dag 3 gjekk ut på å anvenda alt me hadde lært så langt, i tillegg til å læra akkurat nok til å bygga eit enkelt stein-saks-papir spel. Det var det mange som klarte, og fleire elevar hadde idéar til eigne løysingar.

4. Gav barna nokon tilbakemelding på korleis dei opplevde kurset?

Ikkje direkte, men eg oppfatta det slik at dei fleste hadde det gøy og lærte noko nytt. Enkelte barn er vanskelege å lesa, føler eg, men på den andre sida så var det to elevar som verkeleg forstod konseptet og vart synleg gira på programmering. Begge desse var i ungdomsskulealder.

5. Kva ynskjer du/de at barn og unge skal sitte att med etter å ha delteke på kurset?

Ein betre forståelse for korleis datamaskiner fungerer, og mindre frykt for å prøva programmering på eiga hand.

6. Kva erfaringar har de gjort dykk med kurset? Kva fungerte bra, og kva kunne ha vore løyst annleis (òg med tanke på kommunen si rolle)? Kan de tenke dykk å delta på dette fleire gangar om muligheten er der?

Kurset slik eg har satt det opp er ikkje spesielt godt eigna for elevar under ungdomsskulealder, då dei har noko vanskar med å fatta enkelte konsept som bygger på litt meir vidaregåande matematikk, for eksempel. Eg kunne gjerne tenkt meg å fortsetja dette prosjektet og ha nye rundar med både

grunnleggande og vidaregåande kurs. I kulturskulesamanheng kan dette knytast opp til media-linja gjennom f.eks. 3D-programmet Blender som kan programmerast i Python.

7. Andre kommentarar

Eg trur ikkje assistenten var naudsynt, eigentleg, men det var kjekt å vera fleire vaksne.

8. Send gjerne bilder om du har teke nokre!



Eg kom ikkje på å ta bilete undervegs, men tok eit like før kurset starta. «Stille før stormen» hehe.